

Til: Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Askedalen 1  
6868 Leikanger  
epost: [post@sfi.no](mailto:post@sfi.no)

## Astruptunet - søknad om støtte til visningssenter og infrastrukturtiltak.

### Søknad:

**Nikolai Astrup er ein av dei store nasjonale og internasjonale kunstnarane Norge og Sogn og Fjordane har. Jølster kommune har utarbeidd eit forprosjekt for visningssenter på Astruptunet. Dette vil vere ei viktig satsing i nye Sunnfjord kommune.**

**Jølster kommune/Sunnfjord kommune søker med dette om 12,5 mill. kroner til nytt visningssenter og infrastrukturtiltak i og kring Astruptunet. Målsettinga med prosjektet er å løfte fram vår store nasjonale kunstnar Nikolai Astrup som ei viktig satsing på kultur og kulturnærings i Sogn og Fjordane og Vestland fylke.**

Sogn og Fjordane Fylkeskommune løyvde 1,4 mill. til eit forprosjektet våren 2019. Ref. sak 19/4120.

### Verksemdsidé

Jølster kommune ønskjer å utvikle Astruptunet til eit kunstnarheim-museum og eit kunstmuseum som løftar Nikolai Astrup og kunsten hans fram i lyset. Skal ein skjøne og formidle Astrup sin kunst internasjonalt må heimstaden og hagen/tunet på Sandalsstrand formidlast saman med kunsten.

Astruptunet er eit av svært få museum i Noreg som har vore heim og arbeidsstad for ein biletkunstnar, og Astrup var ein kunstnar som oppheldt seg nesten heile livet og skapte nesten all sin kunst i Jølster. Astruptunet bør ha ein klar innhaldsmessig profil, der heile verksemda blir bygd opp om kjernetemaet: Nikolai Astrup, hans kunst og omgjevnadene som påverka arbeidet hans. Også den pedagogiske og kommersielle delen av verksemda bør byggjast på Astruptunet sine kvalitetar, og vidareføre tradisjonar som Nikolai og Engel Astrup etablerte: kunst, kunsthåndverk og hagebruk.

I eit fagleg samarbeid med Musea i Sogn og Fjordane og med eit sterkt forsknings- og visningsmiljø ved Kode i Bergen, er vi overtydde om at dette er eit prosjekt med potensiale til å bli ein av dei største og viktigaste kunstformidlings-satsingane i Vestland fylke, med nasjonal og internasjonal gjennomslagskraft.



Det er veksande interesse for Astrup både nasjonalt og internasjonalt. Dette viser at Astruptunet har eit stort potensiale i reiselivssamanhang. Det er allereie inngått ein intensjonsavtale med *Hurtigruten A/S* om å innlemme besøk til Astruptunet som ein del av sitt tilbod frå januar 2021.

Med opprusta hus- og hageanlegg og publikumsmessig tilrettelegging, kan ein òg utvikle nye kulturnæringsprosjekt knytta til område som gardsdrift, bruk av naturen, klima og miljø, gjenbruksfilosofi og handverkstradisjonar. Ein kan knytte til seg og gje tilbod til barnehagar og skular, frå grunnskule til høgskulenivå og slik legge grunnlag for heilårsdrift av tunet.

Dette prosjektet vil difor kunne bidra til å legge til rette for fleire arbeidsplassar i skjeringspunktet mellom kunst/kultur/tradisjonar og turisme. Kulturnæring og kulturturisme er òg i tråd med nasjonale satsingar på området. Jfr. *Samarbeidsråd for kultur og reiseliv - Innspillsrapport nr.1 (2018)*

### **Visningssenter ved Astruptunet.**

Det planlagde visningssenteret vil inngå som delprosjekt i tillegg til Sparebankstiftinga DNB sitt store formidlingsprosjekt for hagen og bygningane i Astruptunet, der målet er å gjenskape tunet og eit svært stort og omfattande hageanlegg til slik det var på Astrup si tid.

Eit visningssenter er viktig av fleire grunner, men først og fremst er det viktig for å avlaste sjølve tunet. Bygningane i tunet er små og ikkje bygde med tanke på at mange besökande skal innom dei. Tunet ligg i ei bratt li, og universell utforming er vanskeleg å få til. Andre viktige moment er at ein ynskjer å syne noko av Astrup sin kunst der han budde og der han arbeidde.

Eit visningssenter samt betra infrastruktur kring tunet er eit prosjekt som bør gjennomførast samstundes som opprusting av hagen og bygningane i sjølve Astruptunet. Dette med mål om å handtere besökande og ei veksande interesse for kunstnaren. Interessa for kunstnarheimen og kunsten til Astrup er aukande, særskilt etter den store internasjonale lanseringa som skjedde i 2016 – med over 120 000 besökande på lanseringa gjennom den kurerte utstillinga *Painting Norway, Nikolai Astrup 1880-1928*. Utstillinga av kunsten til Nikolai Astrup har vore ein stor suksess både i London, Emden og i Oslo og det er vidare planer om ei stor lansering i USA.

Det er òg sett stort fokus kring kunstnaren nasjonalt gjennom satsinga KODE gjennomfører på forsking kring kunstnaren og kunsten til Nikolai Astrup, med doktorgradstipendiat og 3 heile stillinger finansiert for kartlegging og forsking gjennom Nikolai Astrup sitt liv, kunstnar- skap og plassering i nasjonal kunsthistorie. Fokuset kring kunstnaren er heller ikkje blitt mindre gjennom filmprosjektet «Flammen over Jølster» som hadde premiere i haust, med svært gode kritikkar. Filmen vart finansiert av ulike stiftingar lokale sponsorar, Jølster kommune, Sparebankstiftinga DNB og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, og hadde eit totalbudsjett på 14 mill. kroner.

Ideen om nybygg for formidling av Nikolai Astrups liv og kunst ved Astruptunet, plassert på Sandalstrand på sørsida av Jølstravatnet i Jølster kommune vart lansert for kulturdepartementet og kulturminister Trine Skei Grande allereie på eit besøk i tunet 05.07.2018.



Visningssenteret vil innehalde publikumsfunksjonar og eit mindre galleri på til saman ca. 300 kvm., samt kontor og toalettfasilitetar. Prosjektet inkluderer òg parkeringsplassar, gangstiar og opprusting av tilkomsten til tunet. Sjølvsgart skal ikkje dette endre inntrykket av det særspesielle og særmerkte tunet med alle bygningane og det vi vonar skal bli ein storlått hage bygd på idéane og hageanlegget til kunstnaren sjølv, Nikolai Astrup.

Forprosjektet for visningssenteret og infrastrukturtiltak rundt er no ferdig, og planlegginga av sjølve visningssenteret er lagt ut på anbod. Kostnadskalkylane som omfattar både visningssenter, parkeringsplassar, vegar og ulike infrastrukturtiltak inn mot sjølve tunet, samt ras- og erosjonssikring, har ei total kostnadsramme på 37,5 mill. kroner.

Finansieringa er tenkt fordelt med 12,5 mill. kroner frå Sunnfjord kommune, 12,5 mill. kroner frå Kulturdepartementet (innspeil til statsbudsjettet er sendt) og her omsøkte 12,5 mill. kroner frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Kommunal medfinansiering til prosjekta omtalt her vil bli handsama våren 2020, i arbeidet med økonomiplan for Sunnfjord kommune for perioden 2020-2023.,

Vi minner om at det i si tid vart løyvd 7 mill. kroner til galleri og besøkssenter i Astruptunet, som den gongen ikkje let seg realisere. Vi vonar fylkeskommunen vil ha dette med seg i vurdering av søknaden, som vi vonar kan bli handsama på førstkomande møte i Fylkesutvalet.

Med helsing

Oddmund Klakegg  
ordførar Jølster kommune

Olve Grotle  
ordførar Sunnfjord kommune

*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.*

Vedlegg: Nærare informasjon om Astruptunet, Nikolai Astrup, Astrupnemnda og forprosjektet.



## Vedlegg.

### **Restaureringsprosjekt for hus og hage i Astruptunet**

Sparebankstiftinga DNB tinga i 2015 eit forskningsarbeid for å skildre historia, utviklinga og situasjonen på Astruptunet, jamfør *Arkadia Landskap, Astruptunet i Jølster. Nikolai Astrups gårdshage, Sandalstrand, - hagehistorisk rapport 2017.*

I tillegg til den historiske rapporten har Arkadia landskap utarbeidd ein rapport med restaureringsforslag for hagen, og NIKU har utarbeidd ein rapport for å ivareta bygningane i Astruptunet. Tiltaka som er omtalt i desse rapportane er planlagt gjennomført over ein 4-års periode og skal etter planen startast opp våren 2020. Sparebankstiftelsen DNB er ein sentral part i finansieringa av desse tiltaka, som samla har ein kostnad på omlag 48 mill. kroner.

### **Galleriet i Astruptunet**

Jølster kommune er allereie i ferd med å gjennomføre tiltak i tunet. Som følgje av lekkasje i taket på galleriet har Jølster kommune hatt eit eige prosjekt på opprusting av denne bygningen. I tillegg til nytt tak blir takvindauga fjerna. Innvendig blir overflatene teke igjen med ny maling og det blir lagt nytt golvbelegg. Det blir òg bygd nytt vindfang for å oppnå eit meir stabilt klima i utstillingslokala. Dette arbeidet starta opp i september 2018 og vart ferdigstilt i mai 2019. Prosjektet hadde ein samla kostnad på om lag 2,5 mill. kroner som Jølster kommune dekka sjølv.

### **Astrupnemnd og mandat**

I 2015 oppnemnde Jølster kommune eit utval, ei Astrupnemnd, som fekk mandat til å vurdere og jobbe med problemstillingane i og rundt tunet. Utvalet består av Magne Aardal, leiar, Arne Sandnes og Leif Arne Aasen. I løpet av siste året har nemnda arbeidd med ulike løysingar for kvar ein kan plassere eit besøkssenter i tilknyting til Astruptunet og kva tal besøkande vi skal rekne med framover.

### **Behovsvurdering - besøkande**

Som utgangspunkt tenker vi eit årsbesøk på mellom 8000 og 10000, behov for parkeringsplassar på til saman ca. 30 bilar, og parkering også for buss. Noverande parkering ved vatnet har plass til ca. 20 bilar.

Nemnda legg til grunn eit arealbehov for besøkssenteret på ca. 300 kvm., med kafé / kjøkken, utstillingslokale for Astrup sin kunst, toalett, heis og eit kontor. Nemnda tenker at besøkssenteret må byggast og plasserast slik at det får ein neddempa utsjånad. Fokuset er framleis sjølve Astruptunet, og besøkssenteret skal tilpassast eksisterande terreg og ikkje ha ein framskoten plass.



## Forprosjekt

Nemnda har med grunnlag i mandatet utført eit forprosjekt, der ein har utreda fleire alternative løysingar:

- a) Tilkomst frå vest, med besøkssenter og parkering der.
- b) Besøkssenter ved vatnet, med tilkomstveg til tunet frå vest.
- c) Tilkomst / parkering frå aust, med besøkssenter der.

I dette arbeidet har ein engasjert Nordplan for å sjå på ulike måtar å løyse parkering og tilkomst til tunet på, i tillegg til eit visningssenter. Eit overordna mål er å få illustrert terrenginngrepa som grunnlag for vidare vurdering av moglege løysingar. Sjå vedlegg frå Nordplan.

Med grunnlag i det arbeidet som no er gjennomført er det utarbeidd eit kostnadsoverslag for vidareføring av forprosjektfasen, jamfør vedlagt budsjett.

## Om kunstnaren Nikolai Astrup

Nikolai Astrup var i si samtid, og er framleis, ein av våre mest kjende og folkekjære kunstnarar. Omkring 1900 var Astrup den viktigaste kunstnaren på Vestlandet, og han blir rekna som grunnleggaren av tradisjonen som blir kalla "vestlandsmalarane". Kunstnarskapen hans blir omfatta av stor og aukande interesse, nasjonalt og internasjonalt.

Astrup henta ein stor del av motiva sine frå heimbygda Jølster, og er derfor kjend som heimstamnkunstnar. Men han fann også inspirasjon på studieopphalda og reisene sine i utlandet, i strøymingane i samtida og i estetikk i andre kulturar. Astrup var særleg opptatt av japansk kunst, og det skjer no eit forskings- og utstillingsprosjekt om Astrup og Japan.

Dei tidlege måleria av Astrup er prega av mørk og tung koloritt og naturmystikk. Etter at han stifta familie blir kona Engel og barna eit viktig motiv, gjerne måla i hagen, omgitt av planter og blomar. Han målar også interiør og stilleben. Koloritten er frodig og fargesterk. Frå rundt 1920 søker Astrup nye måtar å måle på, og vender tilbake til naturen og heimstaden Astruptunet som det viktigaste motivet.

Nikolai Astrups tresnitt var originale og nyskapande. Dei vart laga med fleire trykkeplater, i mange fargeversjonar, slik at dei speglar att skiftande årstider, ver og lystilhøve.

## Enkel biografi om Nikolai Astrup

Nikolai Johannes Astrup vart fødd i Kalvåg i Bremanger 30.august 1880. Då Nikolai var tre år gammal flytta familien til Jølster, der faren vart sokneprest i kyrkja på Ålhus. Faren ordna sjølv med folkeskuleundervisninga for barna. Nikolai var eldst i ein søskensflokk på 14, og i samsvar med tradisjonen i slekta var det forventa at også Nikolai skulle bli prest. 15 år gammal reiste han til Trondhjem for å gå på katedralskulen. Men Nikolai ville ikkje bli prest. Sommaren 1897 overtalte han faren til å la han bli heime, og han var huslærar for søskena sine medan han måla og teikna mønster til mora sine vevnader.



I 1899 fekk Nikolai endeleg lov til å reise til Kristiania. Han gjekk på målarskulen til Harriet Backer i to år. Sidan reiste han til Paris og gjekk m.a. i lære hjå Christian Krogh. Her kom han i kontakt med mange kunstnarar og vart spesielt fascinert av den japanske kunsten.

Etter opphaldet i Paris reiste Nikolai heim til Jølster og vart her resten av livet, med unntak av ein del stipendreiser, som gjekk utanlands. Den første tida budde han i prestegarden på Åhus. I 1907 gifta han seg med Engel Sunde, ei bondedotter frå Jølster, som sjølv arbeidde med tekstilt kunsthandverk. I 1911 flytta dei til Myklebust, på den andre sida av Jølstravatnet, og i 1914 vidare til Sandalstrand.

Dei første åra på Sandalstrand gjekk det mykje tid til arbeid på garden og til byggeprosjekt. I fleire år gjekk Astrup tre kilometer til atelieret på Myklebust for å måle, heilt til han ein dag måtte selje atelieret og huset der.

Rundt 1920 byrja Astrup å bygge på hovudhuset. Gammalt og nytt vart sett saman, og atelieret var det siste som vart ferdig. I mars 1926 fortel Astrup at han sov der, men at det var trekkfullt og uferdig. Med fire bustadhus i tunet var det etter kvart god plass til mange barn, og også til gjester og kunstnarvener om sommaren.

Astrup var plaga av astma heile livet, og han døydde av lungebetennelse 21. januar 1928, berre 47 år gammal. Den 36 år gamle Engel vart enke med åtte barn i alderen 2 til 17 år. Kommunen kosta gravferda for Astrup, og då bygdefolk og vener vende seg til Stortinget, fekk familien statspensjon. Engel Astrup levde på Sandalstrand til 1966, men selde tunet til Jølster kommune i 1965 for kr 270 000.

## **Astruptunet**

Astruptunet ligg i eit frodig og vakkert landskap, i den bratte åssida på sørsida av Jølstravatnet. I tunet står det i dag fire verneverdige bygningar:

- Gamlestova (peisestova) frå ca 1750, flytta til Sandalstrand i 1914,
- Kjøkkenstova, flytta til Sandalstrand i 1916,
- Hovudhuset frå 1920, sett saman av Nystova og Nils-stova, og seinare bygd til med atelier,
- Bestastova, der svigermora til Astrup budde.

I 1986 vart det oppført eit eldfast utstillingsbygg, utforma som ein kopi av det gamle fjøset som hadde stått i tunet på Astrup si tid.

Nikolai Astrup bygde opp Sandalstrand i tråd med haldningane sine, livsstilen og skaparkrafta si. Opp til tunet snor det seg ein bratt sti, og mellom og rundt husa bygde Astrup opp mjukt forma torvterrassar. Astrup stelte med den naturlege vegetasjonen, og han eksperimenterte med plantar frå fjern og nærliggande områder, til nytte og pryde. Frukt og bær, poteter, grønsaker og rabarbra var eit viktig tilskot til hushaldninga.

## **Kvifor nybygg ved Astruptunet?**

Astruptunet er ein av få bevarte biletkunstnarheimar i Noreg, og tilbyr i dag ei unik oppleveling av eit tilnærma autentisk miljø frå første del av 1900-tallet. Publikum får omvisingar som gir eit nært og direkte innblikk i kunstnaren sitt arbeid og familieliv. I den rekonstruerte låven får



publikum møte noko av Astrup sin kunst, i omgjevnadene og landskapet der kunstnaren fann motiva sine.

Astruptunet har i dag både ei kunstsamling og ei kulturhistorisk samling, men har små og lite tilfredsstillende utstillingslokale og svært dårlige vilkår for å ta vare på det kulturhistoriske materialet. Astruptunet har eit stort behov for betre publikumsfasilitetar, formidlingsareal og arbeidsplassar for tilsette.

Sparebankstiftelsen DnB NOR kjøpte i 2005 den største samlinga som finst med verk av Nikolai Astrup. Denne samlinga blir forvalta av Stiftelsen Dextra Artes. Eigarane har gjort avtale med Bergen Kunstmuseum/KODE om at samlinga er deponert der, med det vilkåret at ein stor del av samlinga til ei kvar tid skal vere på utstilling. Bergen Kunstmuseum/KODE har gjennom avtala med eigarane forplikta seg til å låne ut delar av samlinga til Jølster kommune og Astruptunet, men stiller krav til forholda for framvising ved utstillingsstadene. For å kunne presentere Astrups kunst i det miljøet som kan kjennast att i bileta hans, er det nødvendig med eit nybygg.

Med eit nybygg og auka bemanning vil Astruptunet kunne ta imot og gi eit eineståande tilbod til eit større publikum; ny innsikt i ein interessant og særprega kunstnariskap, som ettertida har verdsett som ein nasjonal kunstskatt.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum (SFKM) har sidan 2004 hatt driftsansvaret for Astruptunet, og har som mål å sikre høg kunst- og museumsfagleg standard, attraktive utstillingar og profesjonell formidling. Det nye Astruptunet vil kunne skape synergieffektar langt ut over kommunen og fylket.

Astruptunet er viktig som referanse og kjelde til forståing av mange aspekt ved Nikolai Astrup sin kunst, og det er viktig å bevare tunet urørt. No ligg enkle publikumsfunksjonar i underetasjen i det gamle hovudhuset, noko som ut frå verneomsyn er uhaldbart. Eit nybygg bør ligge utanfor, men i nær tilknyting til sjølve tunet. Ved å tilby alle nødvendige publikumsfasilitetar, vil nybygget avlaste bruken av dei gamle bygningane. Astruptunet har i dag ingen formell vernestatus, men blir tatt vare på som eit viktig kulturminne frå 1900-tallet.

Astruptunet har allereie eit publikumspotensiale. Besøkstala ved Astruptunet har vore oppe i 25 000 per år, men har dei seinare åra vore under 3 000. Med denne satsinga blir det lagt til rette for auka besøkstal og eit kvalitativt betre tilbod til publikum. Nikolai Astrup sin kunst treffer både det breie og det kresne publikum, og Astruptunet kan med ein eineståande kombinasjon av kulturhistorie og kunstutstillingar bli ein døropnar til kunsten for mange. Tunet vil kunne spele ei viktig rolle for styrking av kunst og kulturformidling, også på nasjonalt nivå.

Det lokale engasjementet rundt Nikolai Astrup og Astruptunet er stort, og det vil bli stimulert av eit nytt utstillingsbygg. For lokalmiljøet kan Astruptunet bli ein samlingsstad for kunstrelaterte og kulturelle aktivitetar. Astruptunet vil vere eit viktig ledd i Jølster og nye Sunnfjord kommune si utvikling av eigen identitet og drivkraft og attraksjon for ei svært viktig reiselivsnæring i Jølster og Sunnfjord. Uttalt kan Astrup bli av dei viktigaste kulturelle eksportvarene frå Norge.

